

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 14/1237-1

Utbetring av fv. 662 Hundeidbrua - søknad om fråvik frå krav i handbok 185 Bruprosjektering

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Tilråding frå Statens vegvesen si fråviknemnd om fråvik frå krav i handbok 185 Bruprosjektering, kapittel 1.2.4.1, om krav til minste breidde mellom rekkverk på ny bru på Hundeid, blir godkjent.



Vedlegg:
 Fråviksøknad

Andre dokument som ikkje ligg ved:
[Handbok 185 Bruprosjektering](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Hundeidbrua på fv. 662 Torheimsvegen er for svak for tyngre transportar, til dømes tømmertransport. Statens vegvesen har vurdert om det er mogleg å forsterke brua, men har kome til at det må byggast ny bru. Prosjektering vart sett i gang på bakgrunn av at det i 2013 vart gjeve signal om mogleg statlege tilskot til framkomsttiltak for skogbruksnæringa. Gjennomføring av dette tiltaket er førebels ikkje finansiert.



Det er lagt opp til å bygge ny bru på same stad som dagens bru. Vegløyising i tilknytning til ny bru vert difor i stor grad tilpassa eksisterande standard på vegen.

Sentrale problemstillingar

Breidde på eksisterande bru er 3,83 meter (målt frå rekkverksskinne til rekkverksskinne). Frå kvitstripe til kvitstripe er breidda målt til 2,85meter. Det er i utgangspunktet eit krav at minstebreidda mellom rekkverk skal vera 6,5 meter. Dette kravet er mellom anna for at det skal vera plass til å passere spesialkøyretøy under inspeksjon, drift og vedlikehald av brua og enkelte bruelement. Statens vegvesen søkjer om løyve til å byggje bru med breidde 5 meter, dvs. 3 meter køyrebane + 2 x 0,5 meter skulder + 2 x 0,5 meter rekkverksrom. Fråviket må sjåast i samanheng med gjeldande standard på eksisterande veg. Det skal byggast ny bru på same stad som eksisterande bru.

Fråviknemnda i Statens vegvesen legg vekt på at brua er svært kort og at vegen på begge sider er smal, og tilrår søknaden.



Andre opplysningar

Brua er om lag 6 meter lang. Den er ei platebru bygd i 1950. Årsdøgertrafikken er 200 og fartsgrensa på staden er 80 km/t. Brua har lastdata Bk T8/39, som betyr at maksimal tillaten aksellast er 10 tonn, medan største tillaten totalvekt er 39 tonn.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Vi har førebels ikkje kostnadsrekna kva ny bru på Hundedeide vil koste. Dersom breiddekrava i vegnormalane skal følgjast, vil det medføre større inngrep og auka kostnader.

Andre konsekvensar

Det er planlagt å betre siktilhøva vestover frå brua ved å utvide grøfta og sette opp mur. Ny bru vil ha større brukslast og bereevne enn gamlebrua, noko som er positivt for næringstransport, særleg med tanke på skogbruksnæringa.

3. Konklusjon

Statens vegvesen rår til at fråvik frå krav i handbok 185 Bruprosjektering, kapittel 1.2.4.1, om krav til minste breidde mellom rekkverk på ny bru på Hundedeide blir godkjent.

Fylkesrådmannen viser til at bygging av ny Hundeidbru på Fv 662 i Eid kommune ikkje er prioritert i handlingsprogrammet til Regional transportplan. På uprioritert marginalliste er det sett opp utbetringstiltak på fylkesvegen utan at denne brua er nemnd konkret. Dersom bygging av ny Hundeidbru skal verte aktuelt, må det finansierast med eksterne tilskotsmidlar som t.d. statlege tilskot til framkomsttiltak for skogbruksnæringa. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådinga frå Statens vegvesen.